HJELMELAND KOMMUNE

Statens Vegvesen
Postboks 1010
Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Att:

Dykkar ref..	Vår ref.	Arkivkode:	Dato:
	24/152-4/24/1888	Gnr/bnr-63/9, K2-L33, Gnr/bnr-63/77	05.02.2024

63/9 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN FOR AREALOVERFØRING TIL GNR 63 BNR 77 - HØYRING

Tiltak:	
Byggjestad:	Gbnr: 63/9
Tiltakshavar:	Hilde Ludvigsen
Ansvarleg søkjar:	Hauge Konsult As

Viser til vedlagt søknad Deling etter PBL med 12 uker frist som er motteke hjå oss 31.01.2024.

Hjelmeland kommune har motteke søknad om dispensasjon etter pbl § 19- 2 og kommunenplanen sin arealdel - lnf-føremål på ovannemnde eigedom i Hjelmeland kommune.

Det er søkt om arealoverføring på 320kvm frå frå bustadeigedom gnr 63 bnr 9 til næringseigedom gnr 63 bnr 77. Det meste av området som er omsøkt inngår i reguleringsplan R182 – «Puntsnes forretningsområde» medan noko av området er lnfr-område i kommuneplanen og utløyser difor krav til søknad om dispensasjon.

Tiltakshavar grunngjev tiltaket med ønskje om å ha kontroll på området med tanke på frisiktlinjer frå RV13 og inn mot ny butikk. Det skal ikkje byggjast eller gjerast tiltak på området som strir mot føremålet i kommuneplanen eller reguleringsplanen.

Kommunen vurderer positiv innstilling til dispensasjon og grunngjeving for dette er at bruken av området ikkje vil endre seg og at det ikkje er meir i strid med planen at området inngår i ein næringseigedom enn at den inngår i ein bustadeigedom slik situasjonen er pr i dag. Området består av atkomstveg til 63/9 samt kratt/skog og ligg inneklemt mellom bustadtomt og RV13. Ein kan ikkje sjå at ålmenne interesser blir skadelidande av tiltaket, eller at tiltaket vil virke skjemmande i landskapsbildet.

Me ber med dette å få tilbakemelding i saka innan 10.03.2024. Dersom De ikkje har merknader eller treng lengre tid, kan dette meddelast pr. e- post: postmottak@hjelmeland.kommune.no

Part i saka:
Ansvarleg søkjer og kontaktperson: Hauge Konsult as v/Lars Erik Hauge, tlf 93070302.
Heimelshavar 63/9: Hilde Ludvigsen, Ryfylkevegen 6961, 4130 Hjelmeland

Heimelshavar 63/77: Munthe AS, Prestagarden 78, 4130 Hjelmeland

Med helsing
Plan og forvaltning

Ingeborg Westersjø
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur

Vedlegg:
63/9,77 - SØKNAD OM AREALOVERFØRING
B-1 Søknad om dispensasjon - signert 30.01.2024
Oppdatert søknad om tillatelse til tiltak uten ansvarsrett - signert 30.01.2024
C-1_nabovarsel
C-2_nabovarsel_kvittering
F-1_Kart_arealoverføring
J-1_Rekvisisjon av oppmalingsforretning og krav om matrikkelføring - signert 18.01.2024